

Mange fjordar skjer seg inn i kysten av Senja. Ein av desse er Øyfjorden. Meir enn 12 km strekk han seg inn i øya frå forberga Kjelva og Fugleneset. I denne fjorden har det godt folk frå steinalderen. I Øyfjordvær, Breivika og på Toftsen er no berre tomme hus, tufter og minner

att etter det som ein gong var levande fiskevær. Husøy og Fjordgård er derimot framleis aktive samfunn. Kulturminne frå før 1536 og samiske kulturminne eldre enn 100 år, er automatiske freda etter «Lov om kulturminne av 1978.»



FOTEFAR
MOT NORD

Fotefar mot nord
er en velsier til historien i Nord-Norge og Norddalen. Ein kulturmisse i hvar kretsane gir tilammene et breit bilde av landdelens folk, natur og virknesett gjennom ti raser år.

Dette prosjektet er et samarbeid mellom Lenvik kommunen, Troms og Finnmark Bygdedemommene og Troms Fylkeskommune. Det er finansiert med støtte fra de samme og i tillegg fra Landstadsentralget fra Nord-Norge og Norddalen.

Må og tekst: Kåre Rau
Ill. og bygg: Solveig Wäge
Foto: Hildegunn Hauge, tattane i Øyfjordvær ca 1933. Lenvik bygdedemommens arkiv. Utlitt av Knut Pettersen, Haugesund.

Andre foto: Kåre Rau, Lenvik
Bygdedemommene og fra bygdemassas arkiv der ikke annet er oppgitt.
Grafisk prod.: Landflad Grafikk as
Logo og grafisk grunnsoppført: L. Konck
og U. Holte
Koordinering: Lenvik bygdedemomm ved museearbeider Kåre Rau og
Troms fylkeskommune ved
prosjektleiar Solvår Wäge

Ogjig: 4900 norsk
Utgiver: Troms fylkeskommune,
kulturmisse.
ISBN: 82-7819-017-8
Troms 1996



Øyfjord i Senja

Folk langs ein fjord




Av Kåre Rau

«Jordfællesskabet vil ved disse Søekyster mange Steder blive et nødvendigt Onde. Dog – Nordlændingen synes snart at have Jord nok. Fast alle Aarets Tider lokke de arbeidsdygtige Arme til en Beskæftigelse, som lønner hastigere, end Jordens Rygt. Om Vinteren vinke de ankomende Torskeskarer ved Lofotens eller andre fiskeriske Strande ad Nordlandenes Indbygger, og han gaaer derhen i Storm og Sneedriv ligesaan munter som Dalens Kiatte Son med Sigden mod det beliggende Byg. Knap er han kommen til Huse, først Seien har indfundet sig paa de sædvanlige Samlepladse, og Torske-

Linen ombyttes med Dorgen eller Nooten. Dette Fiskerie mislinger stundom; men lønner undertiden ogsaa saa vel, at han ikke betænker sig ved at berøve sin Jord hans i Vaarens Tid saa høit fornødne Nærverelse. Heraf er det let at see, at Agerdyrkning betragtes af Nordlændingen, som Bisag, Fiskeriet, hvilket det er og bliver, som fornemmeste Næringsvei. Jordbrug vil i dette Land aldrig nære nogen Fuldkommenhed.»

Utdrag fra «Betænkning om Fællesskabets Ophævelse i Norge», av Gunnar Berg, prest i Lærenvik 1793–1805.



Tofta i Øyfjorden år 1923. Foto: Gleitsch/NGO/Riksarkivet.

Kva Einar fortalte

Yttersida av Senja blir topografisk kjenneteikna av dei mange djupe fjordane som i aust- og sydaustleg retning skjer seg inn i øya.

Så påfallande er desse store havsvikene at skalden Einar Skulason i sitt sjømannsvers frå 1100-talet, karakteriserer øya slik:

«Opt er men klofid Senju.»

– Senjakysten er ofte kløyvd. –


Med dette verset i minnet, skulle dei sjømenn som i middelalderen segla den ytre leia langs nordvegen – utafor Senja – klart vite beskjed om korleis dén øya skulle attkjennast.

Øyfjord i Senja

Eit av desse høgde hakk i Senja, er Øyfjorden.

Langt djupare enn den djupaste brønn, og breiare enn den breiaste kjerkedår, strekk han seg inn i landet frå forberga Kjelva og Fugleneset – og i krik og krok meir enn 12 km – til han botnar i brattaste berg.

Fjorden rundt er strandflata berre som eit belte å rekne, kring digre kroppar av mørkaste fjell, kneisande opp til himmelranda.



Eit av desse høgde hakk i Senja, er Øyfjorden.



Fjorden slik Einar Skulason såg han?

Menneska i fjorden

Utl til denne fjorden kom menneska alt i yngre steinalder. Her blei dei òg verande, helst når tilfanganet av ressursar frå hav og land var maksimalt. Gjekk det i mink, vende dei ryggen til fjorden og vandra derfrå inn i eit nytt ressursonnade, der andre næringsemne og produkt til det daglege var tilstades.

Spor langs ein fjord

Spor etter seg la dei igjen på ulike plassar rundt fjorden. Gjengløymde reiskap er deira turen ar gamle visitkort.

Menneska og levemåten

Steinaldermennesket blei omsider kjend med husdyrhald og åkerbruk. Han blei ein byggetar og ein brukar av smafekkjott i kosthaldet. Han insterte derfor naturleg årstidsvarandinga i bruksområdet sitt, slik at han over tid blei meir tilstades i dei solvende liene der jorda hadde god gjennomstrøyming av vatn, og fronten kom seint ved haustleite.

Kva havet gav

Men viktigare enn jorda var havet – der det flaut frå landsende til landsende – jorda rundt, og frå pol til pol. Det var kystfolket sitt store spiskammer der døra stundenvis stod vid open eller berre på gløtt. Men som om ei kvern stod der og mol på havsens botn, blei yngelen talrik som sandkorna på kvitbleik flyndrebotn. Djupt nede i blåmyra leika derfor fisken i kavet, stodde seg til grunnane, smaug seg i tareskogen og beit på jagande krok. Så dei blei verande ved sjøen, og gav namn til buplass og bygd. Frå Kjølva og innover langs vestsida av Øyfjorden, kjennen vi dei i dag som Breivika, Øyfjordvær, Tofta, Fjordgård og Ørnfjorden. På nordaustsida ligg Trælvika, Husa og Huseya. Landet vidare utetter mot Fugleneset, kallar dei Nordlandet. Gjennom århundra vaks den kjende kysttilspasninga fram, grunna som ho var på dei to næringsspillarane – husdyrhald og fiske.

Kva jorda ytte

Engarealet var ofte i minste laget, og inneföringa strakk seg over mange månader. Men tildratten frå hav og fjøre, bergklipper og bratte fjellskrentar gjorde husdyrhaldet muleg. Etter kvart som salgsfisket tok over for heimefisket, blei det rollemønster skapt som vi så godt kjenner frå fiskarbondeøkonomien, med skarpe skilje mellom kvinne- og mannsarbeid. Mannen erobra båten og fiskeriteknologien, medan heimesfæren blei kvinnofolka sitt doméne.

Nokre av spora dei la etter seg:

To fiskesokke frå Husøy. Spydspiss, kniv og meisel av skifer frå Fjordgård. Eineggja kniv av skifer frå Fjordgård. Foto: Mari Karlstad/Tromsø Museum.

Spora vi ikkje finn

Fornminne etter liv og virke til menneska i den perioden vi kallar jernalderen, har vi ikkje kunne finne i Øyfjorden. Det er derfor nærliggande å tru at strendene var øyde for folk. Men slik var det nok ikkje. Spora etter jernaldermenneska ligg nok heller gjomt under dei tjukke laga av avfall frå middelalderen som over tid hopa seg opp, der busetnaden rommessig var konsevert gjennom fleire århundre.

Gardshaugane er der

Slike haugar med avfall både frå hus og fjøs, finn vi i vekslande tjukkleik og omfang både i Breivika, Øyfjorden og i Fjordgård. Gardshaugar blir dei kalla på fagspråket, og er levningar etter ei kystbefolking med fiske og jordbruk som næring.

Levningane på Inner-Tofta og på Husa er det ein kallar tuftegrupper. Det er buplassar der det av ulike grunner ikkje har samla seg haugar av avfall.

Vær og gård

Etterleddet -vær, som vi har i Øyfjordvær, kan tyde på at staden fram mot 1200-talet, var ein sesongvis brukta fangstplass utan fast busetnad. Motsetninga til denne namnebruken er namnet Fjordgård, eller Øy-fjord-gård. Namnet kan peike på ei fast busetning frå gammalt av, men er truleg nydanna då garden i eldre kjelder blir kalla Øyfjordbotn.



I Breivika finst gardshaug.



Hus bygde dei på steinut strand.



Middelalder og tørr fisk

Då det første tusenåret etter Kristus vel var til ende, tok middelalderen til. Og då denne tidsepoken var i si spede bygging, blei det spørsmål om nordlendingen kunne levere tørra fisk til Europa, først skipa over Vågan i Lofoten, og sidan over stapelplassen Bergen.

«*Og det kunne dei til overmål, dei som budde ved ynglepllassane!*

Fiske til hushaldsbruk gjekk no over til å bli salsfiske. Med eitt blei det «opp» å bu ytterst ute ved havkanten! Gardar med kort uttrø til skreigrunnane vaks seg til fiskevarer. Nærleiken til havet blei lokaliseringssfaktor nummer ein. Det blei rett og slett ei ulempe å bu slik til i landskapet at ein måtte slite i årame lengre enn naudsynt var. Folk braut opp frå dei gamle gardane inne i landet og etablerte seg på ny ei dryg armlengd frå tangfjera!

Godt å vere fiskarkall

Middelalderen framstår som ei glanstid for dei som investerte arbeidskrafta si i fiskeria. Bytteforholdet tørr torsk og mjøl var svært gunstig. No var det «ei stakka stund» lønnsamt å vere fiskar i nord. Det dei ytte i den såkalla tiendepeppingskatten på 1520-talet, blir tatt som inntekt for eit slikt syn. Fiskaren fekk vanlegvis i tønne mjøl i bytte for ei våg fisk. Og klart det blei velstand av slikt. 6 mark ytte dei gjennomsnittleg i formuesskatten, medan folk frå jordbruksbygdene lengre sør i landet ytte 2-3 mark.


Ved ynglepllassane hadde dei fisk på hjell.

Foto: Tore Hauge, Nord-Trøndelag Museum.

Betre å vere jordeigar?

Den gode fortuna i fiskeria, trakk arbeidsfolk frå inn- og utland. Men ikkje berre slike. Ulike entrepenørar visste snart å stelle seg slik at dei fekk god avkastning frå investeringane sine.

Dei skaffa seg hand om jorda der verdiskapinga i innstad, vel vitande om at eigde dei jorda så eige dei også mannen som budde på ho. Såleis kom den slameie jorda langs fjorden gjennom lang tid til å bli eingåd av maktige slekter sør i landet, eller av embets- og handelsmenn i nord i Noreg.



*Senja var til sals!
Kjøpebrevet frå 1367.*

Senja var til sals

Frå år 1367 har vi eit kjøpebrev som viser dét. Då blei 1/6 av Senja som til då hadde vore i felleseige mellom Arne Eriksen, Sigurd Haftorsen og Ingebjørg Erlingsdatter, selde til dei to sistnemnde.

Ingebjørg var ei grynkvinne ellevte setteledd frå hovdingen på Bjarkøy, Birke Hund.

Truleg er det den nemnde sjettedelen vi finn igjen i skiftet etter emannaholder for mann av same slekt, nemlig Hans Sigurdsson. I testamentet etter Hans frå år 1490 blir alle de store middelalderverva på yttersida nemnde, så som: «Yrian i Senien med bodom Holmane, Kortingsviken, Toskana, Grylefjorden, Teistewiken, Balesvik, Heleland, Berg i Senien med næ holme som ther mer ligg som hether Sandword oc Grimshojmen, Mydfjorden med Treelen oc Hoop, oc Øyefjorden.»

Utrorsavgifta

Grunnen til at så fint folk hadde interesse av å eige desse riskeygera, var at dei då kunne krevje ei avgift av alle som rodde i vøret. Den kalla dei landvare, og i gode år gav ho store inntekter til eigaren.

I 1639, då fisket var svært dårleg samanlikna med fisket i middelalderen, gav landvaren av Torsken, Grylefjord, Trælen, Mefjord og Øyfjorden vel 2.600 kg tørrfisk. Dette tilsvara verdién av 425 sauer, 213 tonner blanda korn eller 142 spann smør!

Slitet i allmenningen

Men eigde adelsmannen jorda som fiskaren budde på, var det ingen annan enn Gud og slittaren sjølv som eigde fisken i havet.


Sjøen var fjordfolket sin venn og fiende. I maksvêr eit eventyr av venleik, mest til å takke Gud for, i storm eit helvete av angst og slit – til å forbanne.

Dei som under oppsegling til heimestøa opplevde kastevindane og havstormen, brottsjaane og straumskavlane, dei visste kva redsle var. Og han som i vintermerkre med snø og bitande kulde i kroppen, la øyret til vinden for å lyse etter fallbrota, han visste om angsten.

Opp under land komen, låg dei utafor støene og venta på løyje medan tareskogen balgja seg under kjelborda og liksom freista å famne om dei.

Ho som då, mellom tangvokste, sleipe fjærsteinar i kveldsmørke, hadde fått ei hand i sine – henta ut frå havets famntak – ho visste å takke Gud når angstn slapp. Mang ei natt når tankane gikk på vandring gjennom dagen, folda skjelvande slitte hender seg om kvarandre som store krabbar i leik, på eit grovvove teppe – i bønn.

Det blei bygd kjerker i Senjaværa. Mange kjerker!



Bønene giekk til Gud.

Korleis prestetenesta var

Prestetenesta i middelalderen var tungvint for folk som klorte seg fast i landet utanom allfarveg. Fallet i folketaket etter Svartedauden, krevde ei kjerkeleg nyordning.

Kjerka sine jordleigeinntekter fra leiglendingane blei kraftig reduserte. Dei gamle, små kjerkesokna måtte gjerast større. Dei laga då eit Trondenes prestegjeld tilsvarende det noverande fylket opp til Malangen med ein bit av Kvaløya. Eit prestekollegium budde fast på Trondenes, og måtte hentas ut til sokna når folket ville ha presteteneste der. I 1561 gav biskop Hans Gaas prestene løyve til å bussete seg i menighetene, og det skal etter fleire kjelder fra 1600-talet, ha stimulert allmugen til å bygge sine eigne små kjerker eller korhus.

Kjerker blei bygde i væra

Fiskarfolket tok også på seg ansvaret for vedlikehaldet av kjerkebygga og forplikta seg til å lønne prestane. Vin og brød til sakramentet, det skulle bispen i Trondheim halde når han berre fekk det meste av inntektene frå gjeldet. Denne ordninga skulle vise seg lite gunstig for levetída til kjerkena på yttersida!

Men då tilværet viste seg frå si beste side, og fiskarkallen hadde «peng' på boko», blei det bygd kjerker i Øyfjordvær, i Baltestadvær, i Mafjord, på Berg, i Gryllefjord og i Torsken. Sper om ikkje karane visste å slå om seg med kjerkebygg, i ei tid før wienerbrød, silketørkle og krushundar kom i bruk når to parta skulle forsonast!

Kjerker og korhus i Trondarnes prestegjeld år 1589.

Kjerka i Øyfjordvær

Kva tid kjerka i Øyfjordvær blei bygd, veit vi ikkje. Ei kjelde frå 1641 seier det om dei nemnde kjerkena at dei blei kosta og bygde av allmugen for «en hundred Aar och mere, da allmuen vaar ved nogen Formufue».

Ei eit år yngre kjelde seier det slik: «De andre Capeller eller Korshuuse haffuer bønderne self begieret at bygge, holde ved lige og lønne presterne som hos denne skulle bo». Denne forordninga med «breff oc beusis» var gitt i formennende biskop Hans Gaas si tid, både i 1556 og i 1561. Kva vi skal legge i det første utsagnet om «hundre år eller mer», er usikkert. Med 100 år kjem vi tilbake til år 1541. Det andre fiksar kjerkebygginga på yttersida til ca. 1550. Ei tredje kjelde, som berre kan sjåast på som eit indissum og ikkje noko meir, er det faktum at år 1442 blei det i Øyfjorden skrive ei kvittering av Magnus Jonsson Tømmermann for mottatt lønn for arbeid på Trondenes kjerke. Kan hende var Tømmermannen i været nettopp dette året som kjerkebyggar?



Russen kom!

At kjerka i Øyfjordvær måtte ha vore der alt før år 1444, synest å framgå av segna om russeherjingane på Hålogaland i middelalderen, slik det blir fortalt om her:

«Ein gong dā russarane hadde brent og plyndra
Medfjordvær, ville dei også plyndre i naboværet Øyfjord
og kasta anker utafor steene der. Værmennene og presten
var på bergstur, og kvinnene sprang inn i kjerka og
bad Gud om hjelp mot heidningane. Då blest det med ein
gong opp til storm, og havsjeen kom rullande inn mot
stranda. Men russeskuta klarte det første uløyet, og då
det andre kom, bad kvinnfolkia underleg om Guds hjelp.
og no tok skuta til å krake. Det trede uløyet slo over
skuta og braut ho ned. Russarane blei slengt opp i
steinana og omkom der. Dei blei gravlagde innafor
kjerka, og gravene er enno synlege og blir kalla
russegravene den dag i dag.»

Etter det nemnde året skulle det ikkje ha vore innfall av
russarar i Hålogaland.


Hr. Karl i Øyfjorden

Den første presten i Øyfjorden vi kjerner ved namn,
heitte Karl. Han gjorde seg evig kjend då han ifolge
fogderekneskapet år 1567 betalte bota til ei tjenestejeste
han hadde, for eit tjueveri ho hadde gjort imot han.

Levermann åt prestane blei bestemd av fiskefangsten og
av antal båtar som rodde i været. Presten skulle ha ei
sperre fisk av kvar mann på båten og en 1/3 av tienden
som fiskarane gav til bispen.

Planskisse av Øyfjordvær år 1967.

III.: Solvår Wåga etter H.D. Brattin/Tromsø Museum.



Dei magre åra

Velstanden hos fiskeribefolkinga var ei følge av mykje
fisk, og godt bytteforhold mellom torrfisk og mjøl. Då
dette blei endra utetter 1600-talet, banka armoda så kraftig
på at det ikkje var råd å halde ho frå dørene i været.


I fleire hundreår blei ho ein gjest som ikkje ville gå frå
dei nordhorske heimane, ikkje før fisket igjen tol seg
opp sist på 1700-talet. Ja, så plagsom vart ho at mang ein
arbeidsmann måtte sulle opp og drage frå ytterkysten inn
til gardar som gav betre høve for fehald og åkerbruk.

Lågare avkastning frå fiskeria måtte på ein måte kom-
penserast. Det ser ikkje ut som om fiskarmannen kunne
gjera døt ved å auke innsatsen med djupsagnet sitt. Ting
tyder på at fisken i havet skifta gyteplassane sine som ei
folge av endr klimatiske forhold, og då blei han vanske-
legare å få på krok.

Løysinga blei å legge meir av arbeidskrafta familiene
rådde over i jordstrevet. Kriseåra i saltfisket blei derfor
den store ekspansjonsperioden for korndyrkinga i lands-
delen. Heimekornet kom no til å erstatter bergskornet.
Av dagsbehovet på omlag 2.600 kcl. per individ, er
heimekornet fram til midten av 1700-talet, rekna å dekke
17%, melk og melkeprodukt 30%, kjøt 3–6%, mens
resten av kaloribehovet blei dekt av fisk.

I skifet etter ein mann i fjorden år 1803, finn vi nemnd
blant husa på gården «I Korn Lade» vurdert til 1 riks-
daler 3 mark, omlag tredjedelen av verdien på stua han
busde i.

Dei magre åra...



Kva fogden fortalte

Om situasjonen i året 1680, skriv fogden i Senja fogderi, Nils Mortensen:

Ytre Senja er berre fiskever og har ei kyrkje i Torsken og ei i Gryllefjord. Dei blir bygde og haldne ved like av almenge som ror der. Ein prest gjer teneste her. Her bur berre husmenn og fiskarar, og det finst ikkje jorder, utan langt der ifrå 1 mil eller 2 - nokre som likevel ikkje har utsæd. Presten har inga jord, berre nokre engsletter som gjev til ei ku eller 2, hogst 3. Den fætalige almenge, ikking 20 eller 30 mann, gjev presten 1 vág, andre 2 pund. Almenge som sokner hit straks etter jul til torsk-fisket, dei gjev presten sjørefisk, 1 sperre eller 2 fiskar, ikking 6 eller 8 mark fisk, av kvar mann på båten.


Etter som åra er kan der ro 150, 200, 250, hogst 300 båtar, og til vanleg er der 4 mann på kvar båt. Av bispen får presten innkomme av tre båtar, ein i Torsken, ein på Kongnes og ein i Gryllefjord, og hermed meiner ein tiendedeparten av det dei tener. Dei to partar får presten og kyrkja, den 3dje part får kongen. Sumtid får han ymse andre innkommer.

Berg, ei kyrkje 2 mil nordanfor Torsken. Der ror 20 båtar med heimefolk og framande. 1 1/2 mil nordan for er Meyfjord med ei kyrkje. Der bur presten, og 80 båtar ror der. Endå 1 1/2 mil lengre nord ligg Øyfjord med ei kyrkje. Her ror berre 20 båtar, mest heimefolk som er blitt buande, men nokre er flytt bort på grunn av misleg fiske. Denne kyrkja står no til nedfalls, og fell ho ned, så blir ho ikkje meir bygd opp. Desse kyrkjer blir bygde og haldne ved like av almenge som kjem hit for å ro fiske.

Kva folket ytra

Allereie i 1641 klaga folk i fogderiet over at dei fleste kjerke i prostiet stod til nedfalls. Om kjerka i Øyfjorden heiter det at den «*staar och thill nedfalld, och Allmuen thill den ere alldede Udarmede*».

Arsakene til dette var at alle kjerkena, unntatt dei fire hovedkjerkena, var bygde av folket og skulle etter avtaLEN haldast vedlike av dei, eller som det heiter i nemde klage: «*...thi fordum da landitt vaar begaffuit med fishen och den gemene mand vaar nogitt i formuen da lønthe vi til kapelanerne siellfue och høllet annexerne ved lige*».



Bispen ytte berre løfte

Vekst og fall for kjerkena på kysten, blir eit bilde på den økonomiske utviklinga i området. I ei synfaring frå år 1701, heiter det at «*Øyefjord Kirche er nedfalden, hafuer indtet at lefue af uden Lofters*».

Kjerketomta, som enno vistes i 1954, blei målt til å vere 13 × 8 meter, med eit våpenhus på 3 × 3 meter. Folk i fjorden meinete å ha sett mannebein under kvar ein Stein dei snudde nedafor kjerkebakken.



Vekst og forfall. Øyfjordvær 1897 og 1995.
Foto: Øyfjordvær 1897 - Hamnevesenets arkiv/Riksarkivet.

Ein fostergut forsvann

Onsdagen før nyttårsdag det Herrens år 1734, forsvann fosterguten til Arne Halvorsen i Øyfjorden. Frisk og sunn hadde han og tenestejenta der i huset tidleg stått opp frå natteleiet sitt, gått ut av gammen og inn i stova der Arne og matmor enno låg og sov. Søvnen ville ikkje lett sleppe tak i Arne, så han var uglad for at dei to kom inn og «*abrugte leeg og Løstighed*» med kvarandre, slik det står å lese i rettsboka. Arne sa då til den leikande Kristoffer: «*Din forbannede hund, Lige saa godt du sidder og Leer ad mig, saa kan du tage din Boeg og Læse ud!*». Derpå viste Arne han eit avsnitt i boka som han skulle øve seg på, før han la seg ned på igjen. Då søvnen omsider overmanna husbonden, gikk gutten ut frå huset. Og sokk borte blei han! Kor mykje dei enn leitte både høgt og lågt, fann dei han ikkje igjen før tre dagar var til ende. Det var då blitt nyårsdag. Om morgonen den dagen, tok Arne fram Postillen og las teksta. Kort etter dei første linene var lesne, blei dei vår nokre kräker som gav mål nede på stranda.

Det dei fortalte medan dei hoppa rundt på fjærstrandane og pikka med nebbet, var at der låg Kristoffer – død.

Av denne kvardagstragedien lærer vi at den fattige fiskarkallen Arne Halvorsen var lesykndig, og at barn fekk leseopplæring i heimen. Likeins at hustypane i været både var gammen og tommerhuset. Gammen kanskje ei såkalla fiskargammme, der tilreisande fiskarar freista tilværet i sesongane.

Men mest av alt kan hende, skjøner vi at livet for en livskåt liten niåring på lån, ikkje var så liketil.

«Kort etter blei dei vår nokre kräker som gav mål.»



Samane i Botn

Påfallande ofte finn ein samiske folk busette på lokalitetar med etterleddet *-botn* i gardsnamnet. Eg nemner i fleng Finnfjordbotn, Grasmyrbotn, Skognesbotn, Fjordbotn, Lysbotn, Kárvíkbotn osb.

Ser ein dei næringsmessige kvalitetane til desse gardane nærmare etter, finn ein at dei rommessig strekk seg heilt frå hákjerringdjupta ute i storghavet, opp til makkefjera, og derifrå vidare oppover langs vassdrag og dalføre inn i landet til høgste fjell.

Innafor dette territorium finn ein flere ressursområde som sesongvis kunne utnyttast i ein økonomi prega av variasjon og mangfald.

Slik og med Øyfjordbotn. Her var frå gammalt av samane i fjorden busette. Kjeldematerialet fortel om samiske folk i botnen som dreiv med jordbruk og jakt, fiske og fangst, båtbygging og smedarbeid. Truleg har samane i fjorden medverka økonomisk til å oppretthalde fiskerisamfunn gjennom leveransar av landmannsprodukt, vedlikehald av driftsmiddel m.m.

Og det var ikkje berre Arne Halvorsen som kunne lese i bok! I skifte etter sjøsamar i Øyfjorden, finn ein m.a. desse religiøse bokene til styrking og oppbygging av lengtande sjeler og lutande kroppar: «*Brokmunds Postills*», «*Möllers Huus Postills*», «*Paradisets Urte Gaard*», Det gamle og nye Testamentet, og 1 gml. Salmebok.

Øyfjordbotn blei omsider Fjordgård.



Bjørn på Husa

Hausten 1839 kom det bjørn til gards i fjorden. Hendingen blei skildra i Morgenbladet året etter, der det heitte:

«Avigte Høst inntraff i Øifjorden på den vestlige side av Senja en Begivenhed, der afgiver et merkeligt Bevis på, at Skrek og Fortvivelse kunne vække Kraefter hos Mennesket, der endog kunne satte det istand til at udhölde Kamp med Dyr, som Naturen ellers har udrustet med en Styrke, der er Menneskene langt overlegen.

En Bjørn angrep en Dag Buskapen på Garden Husa i ovennevnte Fjord. Strax bevebnede Mandskab, 4 i Tallet, sig med skarpen Øxe for at drage tilfeldts mod den ubudne Gjæst. Denne havde imidlertid snappet sig et Får, og lagt sig bag en Busk for at gøtte sig med sit bytte. Men Bjørnen tåler ligesådigt som nogen Anden at forstyrres i sit Måltid; da han derfor mærkede Uråd, blev han vred og sprang lige mod en af Mændene, Enok Larsen, der var kommen ham nærmere end de Øvrige. Denne var da ikke seen at hæve Øxen for at møde Skarpt; dog Bjørnen undveg Slaget, der kuns rammede den lidt i Snudslen, som derved fikk et lille Indsnit, hvorfra den blødede, og førend han kunde hæve Øxen til et nytt Slag, havde Bjørnen kastet ham til Jorden.

Enok, der nu, ved at slæ sít Øie op, mødte det ikke meget fredeligt Syn av det åbne Bjørnesvælg, tabte dog ikke Aandsnærwærelsen, men, idet han med den ene Hånd greb om Dyrets Underkjæve, slog han den anden om Hr. Bamse, hvorpå der begyndte en sæl som Kamp. Bjørnen og Mennesket vrede og snoede sig om hinanden med sådan Hurtighed, at de andre Mænd der stode med opløftede Øxer ikke vovede at slæ til, af Frykt for at skade deres kammerat.

Da denne endelig merkede, at Kraefterne begyndte at svigte ham, anstrengte han endnu en Gang alle sine Kraefter, fik Bjørnen under sig, og idet han af al Magt trykkede Dyret mod Jorden, sprang han op og tog Flugten.

Bjørnen, der ville forfolge ham, blev stanset af hans Stalvbrodre, men uaktet disse vare tre håndfaste Karle, hver bevebnet med Øxe, var det dog kun med megen Moje at det lykkedes dem at holde den fra sig, og endelig at fåe den til at rettere.»



Mykje mat til bamse

At bjørnen kom til gards var nok ikkje uvanleg. På gardane langs fjorden var det ei mengd stor- og småfe samanlikna med andre gardar i Lenvik, noko følgjande oppsett frå år 1803, viser:

*Namn, skuld og brukarar:
Husa m/Husøy 2 pd., 4 brukarar:*

8 kyr og 32 småfe.

Øyfjordvær m/Botnen 4 pund, 3 br.

18 Kyr og 54 småfe

Leiknes 4 pd. 2 brukarar:

16 kyr 30 småfe

Gibostad 4 pd., 2 brukarar:

15 kyr 18 småfe.

Utruleg nok hadde ein tidleg på 1800-talet omrent like mange produserande firfottingar gåande på beite ute i «fjordholla» som det ein hadde på dei tradisjonelt sett beste jordbruksgardane langs Gisundet! Forklarin ga ligg nok i ei intensiv utnytting av maritime forrессursar frå fiskeria, samt tang og tare frå fjæra.

Hestar såg dei seg ikkje råd til å ha på alle buplassane i fjorden. Ikkje hadde dei store nytten av dei dyra heller. Føret blei ofte sanka i bratte lier, og mokka berre kasta ut frå fjeset der ho vaks til dungar og haugar til inga nytte. Men år om anna hadde oppsittarane i Øyfjordbotn, den beste jordbruksgarden i Øyfjorden, ein hest.

Mykje mat til bamse.

Husa dei eigde

Om husa i fjorden heiter det rundt 1850, at ein mann i Breivika eigde ei seks alen stove med omn og 4 alen kjøkken. Ein annan på same plassen budde i «*1 eenetages Stuebygning med Loft, Kjøkken og Fordør*». Ein tredje i «*1 stue med tomret kjøkken, 8 alen bred og 10 alen lang med Ovn*».

Fjøsa var på storleik med bustadhusa eller større, slik som hos to av dei fornemnde tre, med «*1 fjos 6 alen langt*», «*1 fjos 8 alen bred, 10 alen lang*». Dessutan «*1 lade 7 alen i kvadrat*» og «*1 bod, 5 alen bred, 10 alen lang*».

Båtane dei rodde

I same kjetel får vi nokre opplysningar om båtane. Ein mann eigde «*1 Ottring med Tilbehør, 1 Sexringh, 1 Kobberømming og 1 halvtredierømming*». Ein annan «*1 åttringsbåt med fullt tilbehør og 1 seksring*». Femboringerane finn vi ikkje i kjeldene på denne tida, men etter «manns minne», det vil seie frå omkring 1880, fanst 8 femboringer og 4 åttringar i Øyfjorden.

Sjøbruket og kleda

Skiftedokumenta fortel om sjødrifta på 1800-talet. Følgjande reiskap blei brukt: Håkjerring djupsagn med lenke og soknebolk, brygdeline og brygdejern, skåttål og gångvad, torskegarn med kale og neverkavler, krokangel og dragnot til seifiske, samt djupsagn med jernstein og kvalbein. Eit skifte frå 1785 nemner desse kleda:

«*1 Sækkekofte, 1 Vådmelstrye, 1 Stoffes Trøye, 1 gml. Kofte, 1 Skindstak, 1 par gml. Søestøvler og 1 Skind Hat*», og i eit anna frå år 1793 fanst m.a.: «*1 par Søe Stevler, 1 Lang Skind Boxes*», og i eit tredje i tillegg «*1 par Søe Vanter*».



Før var det folk på kvar ei alen hus, no er dei tomme.



Båttypen dei brukte, er enno i bruk.



Tauge er borte, men krokane finst enno i jorda..

Ein farleg sjøkyst?

I G.P. Blom si reiseskildring frå 1827 heiter det om vestsiden av Senja at det er: «*En farlig Søkyst, hvor det paa Miles Distance ikke er muligt at lande med Baad, små Jordflekker mellem Fjeldne, et raat og for Vegetationen ugunstig Klimat tilbyde Beboerne kun Lidt af Livets Goder og behageligheder; men mange av dets mangler og farer.*

Gjennomgang av kjerkebokene viser likevel at drukningsulykker knyttet til fiske, islandseiling og landing, var sjeldne. I tidsrommet 1810 til 1853 var det 26 personar i Hillesøy prestegjeld som omkom i samanheng med sjødrifta. Berre ein av desse var frå Øyfjorden. Frå siste halvdel av same århundret, kjunner vi imidlertid til fleire drukningsulykker i fjorden.

Utan naturlege hamner

Yttersida av Senja hadde eit problem! Eit problem skapt av ny drift og større båtar. På den 16 mil lange strekninga frå Gryllefjord til Malangen, fanst ikkje naturlege hamner. Ein svært insiktsfull mann skulle ha uttal seg om dette misforholdet «*at hele denne strækninga paa 16 mil burde kondemneres*». Han uttalte vidare at dersom hamnene ikkje blei utbygd, vil «*dette på sjøen godt utrustede strok gaa sterkt tilbake og kanskje bli forlatt*».

Stoer blei rydda

Heilt frå midten av 1800-talet hadde offentlege vesen av ulike slag vore engasjerte i å gje folket i Øyfjordvær betre hamneforhold. Gong på gong hadde støene blitt rydda og murane bundne saman med 4 toms breie jernband. Men dei heldt ikkje når bårene kom rullande heilt

ute frå Fugleberget. Vel sett i stand, raste dei etter kort tid saman igjen.

Om dei tre støene som Hamnevesenet hadde rydda, heiter det i eit brev frå ein mann i været: «*Stomurene var lagd av for det meste små rundsteine belagt med jern. Når det så hadde gått noen år og jernet har rustet bort og det har blitt noe mer end almindelig sjøbårer, så har det rast i sammen så størene har blitt ubrukbarer.*

Stovorran er så kort at når det er fjerre sjø kan man gå nedfor vorran så at si i treklompan. Når man kommer tillans med lasta båt er det umuligt og komme opp i stoen selv i gøvær, og jeg må vel best vite det som har ligget tildeles flere timer utfor og ventet på sjøen skulle flo..

Dei kravde molo

Eit uttalt krav om bygging av molo i Øyfjordvær ser ut til å gå tilbake til 1915–20. I 1923 var støanlegget på fylket sin hamneplan. Hamnekomiteen konkluderte i 1932 med at støene skulle utbetraast og vernast med jeté der ei storre fiskebruk kunne bli bygd.

I 1935 gjorde Hillesøy veinemnd vedtak om at veien Breivik–Øyfjordvær–Toftene skulle byggast. Herredsstyret sluttet seg til vedtaket, og i 1938/39 blei eit forebuande vegarbeide utført.

Men så kom krigen, og all fager løvnad og vedtak var som skrift i sand.

Fråflytting?

I brev frå Hillesøy kommune til Hamnedirektøren 22. mars 1944, blei spørsmålet om fråflytting tatt opp.

I sitt tilsvart den 28. juni same året, formulerte direktøren seg slik: «*Jeg unnlater imidlertid ikke allerede nå å bemerke at overflytting av befolkninga fra et så vidt stort sted som Øyfjordvær er et komplisert problem.*»

I nytt skriv, no frå Øyfjord Fiskarlag, dat. 23.11. 1946, sokte fiskarfamiliane om statsbidrag til flyttinga inn til Husøy. «*Grunnen er*», skriv dei, «*at her ikke er havn slik at vi om hest, vinter og vår kan ligge med våre fiskefarkoster her og drive fiske frå stedet, men er nødt å drive fiske frå Husøy som ligg ca. 3–3,5 km tvers over fjorden.*»

Vidare heiter det at Øyfjordvær ikkje har noko framtid slik som forholda no har utvikla seg med større motorfarkoster, og ingen plass for eit betre jordbruk. Derfor søker dei Staten om eit fråflytningsbidrag på 7–10.000 kroner kvar.

Brevet ramsar opp 22 familiefedre som vil flytte, medan væregaren, handelsmannen og postopnaren med familiene deira, vil bli igjen i været.

«*Det budde folk i væra, væra hadde folk.*»

Lenvik bygdemuseum/Ullint av Knut Pettersen.



Kva fiskeriinspektøren meinte

Levevilkåra til fiskarane blir utdjupa i eit brev frå Fiskeriinspektøren i Troms frå desember 1946.

Han skriv: «*Øyfjordvær er et av Senjas gamleste fiskevær, men på grunn av havneforholdene er stedet stadig blitt mer og mer forfaldent slik at det nå ikke er noen som kjoper fisk på stedet, og fiskerne er av den grunn blitt henvist til å søke Husøy som ligg tvers over fjorden og har fått bygget stor god hamn.*»

I brevet står det vidare skrive «*at tanken om flytting ikke er ukjent for Havnevesenet da forrige direktør Schott-Hansen, under en befaring i været i 1928 eller -29, framholdt dette syn. Men den gang var det ikke tale om gehør for en slik flytting da handelsmannen var den toneangivende også i disse spørsmål. Nu når fiskerne selv får gi sitt syn tilkjenne viser det seg at disse ser realistisk på saken og ikke er bundet av «gamle tradisjoner» og værinteresser.*»

Kva hamnedirektøren skreiv

Den 18.1. 1947 skreiv Hamnedirektøren:

«*Øyfjordvær har i og før seg en gunstig beliggenhet i forhold til fiskefeltene, og var i robåttiden et godt fiskevær. I 1890/91 ble det anlagt tre steer på stedet med en utgift av ca. kr 16.000. Skulle det på stedet skaffes virkelig skøytehavn med moloer, ville disse bli forholdsvis lange og dyre, om et tilstrekkelig areal skulle oppnads. Rent anslagsvis vil et moloanlegg komme opp i minst 1,5 á 2 mill. kroner. Slik som krav og forhånd stiller seg i Troms kan ikke molo realiseres i overskuelig framtid.*»

Er alle ting gleymt på eit hundre år?
Øyfjordvær 1897 og 1995.





Båra bryt i Øyfjordvær år 1947.
Lenvik bygdemuseum/C. Bertheussen[?]



«Det gamle Kanaan.»

Springflo den 13.

I oktober same året var det som om naturen sjølv blanda seg inn i diskusjonen. Den 13. blei det springflo av verste slag. I Øyfjordvær tok sjøen kaiene, raserte stovorane, og skada naust og båtar. Folk sa at det mest såg ut som ei slagmark der ute.

Kva postopnaren meinte

Ein av dei som verken naturen sjølv eller orda kunne overtide, var postopnaren Edvard Brox. Han var komne til Øyfjordvær i 1906, trivdest godt på staden og hadde sine økonomiske interesser knytta til busetninga der. Han skreiv fleire hissige brev til ordførar Haugland, og i eit av desse ytra han seg slik: «*Det grusas så med Husøy som om det var det gamle Kanaan som Joderne flyttet til som fløt med melk og Honning, men rart skal det være om ikke de folk som muligens flytter, ønsker sig tilbake til kjottgrytene i Egypten?*»

Elles meinte han at «*hva flytting angår er det svært få nu her som ivrer for dette. Der er 2–3 propagandister som muligens kommer til at flytte, men forøvrigt er det vel Stalin som bestemmer dette antar jeg!*»

At gamlingen såg eit håp trass den nemde alliansen, framgår i avslutningsavsnittet der det heiter: «*men husk på Øyfjordvær, vi skulle nu ialfeld hat veien reparert og gruset i dr!»*

Som i ei siste krampetrekning blei det i 1949 strukke telefonleidningar mellom Toften og Øyfjordvær, og i januar året etter frå været til Breivika.

Berre skiltet
blei igjen.



Den siste leiglending?

Eit moment som medverka til ei positiv haldning til å forlate Øyfjordvær, var det forholdet at oppsittarane ikkje eigde jorda dei brukte, men var av dei siste leiglendingane i landet som for ein pris på 10–12 kroner arleg, disponerte areal nok til hus, fjos og naust. Som leiglendingar var dei sifteis ikkje kvalifiserte til lån i Bustadbanken. Der i huset krevde dei skuldsett jord som forsige kriterium for lån. Fornying av bustadmassen i Øyfjordvær var ikkje kome i gang. Det var såleis litt å tape på flytting.

Det gamle Kaanan

På nordsida av Øyfjorden låg Husøya, skild frå Husalandet med eit 300 m breitt sund. Øya er omlag ein kilometer lang, og halvparten så brei. Her flaut det knapt med mjølk og honning! I ei synfaring frå 1951, vert det sagt at: «*Husøya består av oppstikkende berg og stein med simpel torvmyr i skortene. Det finnes ikke dyrket jord og heller ikke beite. Det er således ikke noe grunnlag for førproduksjon, og dyra må stallføres både vinter og sommer. Det er 4–5 kyr på øya.*»

Staten hadde i perioden 1914 til 1931 bygd molo mellom øya og fastlandet, slik at tilreisande båtar hadde god hamn. Kostnadene var på 613.000. Heilt permanent var ikkje hamna all den stund det var eit ope hol i moloen på 20 meter. Det hadde folk krevd, slik at dei slapp å ro utafor øya når dei skulle nordretter landet. På sydspissen låg fiskebruket til Giske og Hovde frå Ålesund, og mellom allmenningsstøa og moloen låg Brødrene Karlsen sitt bruk. Mellom desse to brukta var ein 250 m lang veg. Det var 9 bustadhus på øya. På Karlsens sin eigeidom var eit areal på 30 daa, som var godt eigna til husbygging. Dei krevede kr. 1,25 pr. m² for stovetomt, og kr. 0,80 for areal til uthus og naust.

I 1915 hadde Staten bygd brønn på Husøya, men den blei etterkvar meir ei kjelde til irritasjon enn til glede. Myrvatnet førté med seg både grus og slam, og ofte hende det at fugl låg og rotna der meir enn 100 fiskarar i sesongen skulle hente drikkevatn. Når myrene fraus til, gav dei ikkje frå seg vatn sjølv om det regna.

Fisken blir tatt hand om av staute karar.



Under store strabasárar blei fiskaren sjølv nøyd til å føre vatn frå Fjordgård i tonner. Dagsbehovet var 7–8 tonn inkludert behova til dei to fiskebruka. Giske og Hovde fekk som ei midlertidig løysing, lagt ein slange over sundet for å avhjelpe den verste vassnauda. Ein fiskekipper som rodde for Husøya, ordla seg slik til avisat: «*Kan ikke Husøya få vannforsyningasanlegg, så er det like godt å flytte hele verret til Botnhamn!*» Vassverket i Husadalén var kostnadsberekna til kr. 174.000 der oppsittaran og fiskebruka skulle betale eit såkalla distriktsbidrag på 16.000. Summen måtte aukast eit par gonger, og rekningsa kom på meir enn 260.000 kroner før det stod ferdig i 1953.

Men Husøya hadde mange fleire goder å by folk som var slittne av kampen mot vær og vind. Her var det post, telefon, elektrisk lys, dampskip og nyoppført skule. Og best av alt var at båtane kunne leggast i trygg hamn natta over.

Stortinget loyvde

Den 29.6. 1950 vedtok så Stortinget å loye kr. 100.000 som tilskot eller lån til kjøp av tomter og oppføring av hus, kr. 160.000 til vassverk og kr. 50.000 til vegar, kloakk og regulering av Husøya. Beløpet viste seg snart å vere for knapt, og ved årsslutti i 1952 fekk kommunen ytterlegare kr. 100.000, og i 1953 nye 66.000.

Fråflytting!

I åra 1952/53 flytta 18 familier frå været til øya. Etter ei tid kom dei etter både frå Breivika, Tofta og Trælvika. Ein mann i fjorden fortalte: «*I 1955 hadde eg kjøpt material til å bygge meg hus av på Tofta. Ein laurdag seint på kvelden då eg hadde slete meg over fjorden i*

dårleg vær, etter å ha lege i Husøya på fiske heile veka, sa eg til kjerringa, vi flytter til Husøya og bygg der!»

Og slik blei det. Kvar overflyttar måtte sette opp ei kalkyle på kostnadane ved flytting og nytablering. Summen var for dei fleste sokarane på vel 20.000 kr. som blei finansiert ved lån i Bustadbanken kr. 7.000, stønadslån kr. 4.000, eige arbeid kr. 1.000, statsstøtte kr. 5.000, og eigne kontantar kr. 5.000.

Dei to familiene som var blitt igjen i Øyfjordvær, flytta til Husøya i 1961. Frå Tofta kom dei siste i 1964.

Det enda godt!

Husøyasamfunnet fekk på kort tid mange av dei tilboda som moderne menneske krev å ha tilgang til. Og slik skal det også vere i samfunn som produserer og yt til beste for fellesskapet.

Kva vil dei kloke menn gjere?

Så lenge ressursane finst i havet, investert kapital gjev avkastning og arbeidsfolk vil arbeide, skulle det etter tradisjonell tenking vere liv laga i fjorden.

Men farane lurer frå kontora og korridorene der menn i dress stikk hovud saman for å finne ut kva som gagnar oss eller dei aller mest.

Først på 1900-talet heitte det som sagt, at strekninga frå Gryllefjord til Malangen burde kondemnerast. Og den meininger blei uttala av ein såkalla «klok» mann. Ting i tida tyder på at same oppfatning i visse kretsar enno er gjeldande, om enn grunngjevinga for raseringa har endra seg.

Som måsane flyg av stad, får også tankane.

Alt endrar seg

På 1960-talet kunne ein enno høyre sagt når gamle Øyfjordværinga minnra om heimplassen sin: «*På Husøy er det berre jag og mas! Det er til Øyfjordvær alle dreg når dei vil snakke langsamt saman igjen.*»

Den 22. mai 1951 skrev handelsmannen i været brev til ordførar Haugland i Hillesøy:

«*Ja, det får nu vere nok for denne gang, men sett nu ikke Øyfjordvær aldeles i glemmeboken for ettertiden. Det kan vel enda henne at Øyfjordvær kan bli ett pluss i kommunen, jeg vet litt mere end andre her!*»

Kva gamle Edvard Brox visste som vi ikkje veit, får vi aldri vite. Men at han var inne på noko, det skjønar vi i dag.

Så ta deg no i land i utværa! Møt dei kvitvaska fjæresteinane som ligg der som perler i ei kjede, fjorden rundt. Sett husa på tuftene, legg båten i støa, sett mannen på tofta og kvinnan på trappehella. Lat ungane leike med skjell. Hels dei goddag, og sei dei adjø.

Møt så forgjengelegdomen i heile skaparverket og i deg sjølv, og vit at alt endrar seg. Det er berre eit spørsmål om tid.

Men husk du – at det er hér i verda ein snakkar langsamt til kvarandre!

Også når dei seier at rettferd ikkje er noko ein får, men noko ein må kjempe seg til!

Foto: Inger Reiersen.



Litteratur og kjelder:

- Bertheussen & Solvang: Kulturbilder fra gamle Hillesøy.
Blom, G.P.: Bemerkninger paa en reise.
Brattrein, H.D.: Befaringssrapport 1967.
Brox, Arthur: Berg og Torsken bygdebok.
Brox, Ottar: Nord-Norge. Fra allmenning til koloni.
Fryberg, Ivar: No ligg heimplassen øde.
Helberg, B.H.: Fiskeriteknologi som uttrykk for sosial tilhørighet.
Holand, Ingegerd: Graver og samfunn.
Husøy idrettslag: Husøyårboka 1978.
Larsen & Rauo: Tingbøker for Lenvik 1723-1800.
Nielsen, Alf R.: Nordnorsk kulturhistorie.
Sandmo, Anne K.: Tromsø gjennom 10.000 år.
Schøyen, Carl:
Seglsten, Johan: Fjordgårdsslekter.
Simonsen, P.: Befaringssrapport 1964.
Simonsen, P.: Fiskerbonden i Nord-Troms.
Worm, Oluf: Specimen Lexici Runici.

Arkivsaker Hillesøy kommune,
i Tromsø kommunes arkiv.
Avisartiklar frå: Senjens Blad, Nordlys og

Tromsø 1948-1952.


- Diplomatarium Norvegicum I, nr. 394.
Diplomer angående Grønland.
Fogderegnskap Senja Fogderi 1610-1800.
Grønlands historiske minnesmerker.
Lenvig sogneprests kopibog 1776-1848.
NINA/NIKU: ØK-registreringer.
Norske Lensrekneskapsbøker 1548-1567 bd. 5.
Panteboker Senja og Tromsø Fogderi.
Skifteprotokoller Senja og Tromsø.

Mål og vekt:

1 alen = 0,62 meter.
1 spann = 15,4 kg.

Til vidare lesing:

Meir om historia til folket i Øyfjorden finn du i Ivar Fryberg si bok «*No ligg heimplassen øde*», i Johan Seglsten si «*Fjordgårdsslekter*», i Bertheussen og Solvang sine bøker «*Kulturbilder fra gamle Hillesøy*» og i «*Husøyarboka*».



Takk til:

Takk til dei som sette meg over fjorden og
viste meg rundt, hausten 1995:

- Hugo Larsen, den 9.9.
Kjell Yngve Uteng, den 16.9.
Bertin Hansen og
Edmund Ingvardsen, den 30.10.

Og til skipper og mannskap på «*Hjalmarson*»
som tok meg ut til «*Klakkan*» den 29.3.96.